



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marte Kari Huse, 62 55 10 76

Vedtak om fastsetjing av kommunegrensa mellom Øystre Slidre og Vang

Statsforvaltaren i Innlandet fekk 5. mai 2021 brev frå Øystre Slidre der kommunen ber om at grensa mellom kommunane Vang og Øystre Slidre ved Sluptjedne/Lykkja blir retta opp i matrikkelen. Etter kontakt med Kartverket og kommunane om saka, vurderte Statsforvaltaren at det her var snakk om ei grensefastsetjingssak. Grensa har vore omstridd i lang tid, og det er hensiktsmessig for alle partar at grensa no blir fastsett. Statsforvaltaren har vurdert saka og fastsett med dette vedtaket grensa for det aktuelle området.

Vedtak

Kommunegrensa for det aktuelle området mellom Øystre Slidre og Vang kommune blir fastsett til å følgje eigedomsgrensene til dei aktuelle teigane sør og vest for elva Rauddøla.

Kommunegrensa skal følgje eigedomsgrensene som blir klarlagt gjennom ei ny oppmålingsforretning. Kommunane må gjennomføre oppmålingsforretninga slik at grensene er nøyaktige og klarlagde i tide til tidspunktet for grensa trer i kraft. Kommunane skal gjennomføre oppmålinga innan 1. september 2023.

Den nye kommunegrensa trer i kraft frå 1. juli 2024.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på. Fastsetjing av ei kommunegrense etter Inndelingslova § 7 gjeld ikkje rettane og pliktane til ein eller fleire bestemte personar og er då ikkje et enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Det står vidare i Ot. prp. nr. 41 pkt. 5.2.4 at: "Vedtak som er gjort etter ei utgreiing er ikkje gjenstand for klage." Det er derfor ikkje klagerett på vedtaket om grensefastsetjing.

Bakgrunn

Saka gjeld ei strekkje av kommunegrensa mellom Øystre Slidre og Vang på 1,5 – 2,0 km. Dei to kommunane er ueinige om kvar kommunegrensa går. Grensa har vore omstridd i lang tid. Området saka gjeld, er to teigar sør og vest for elva Rauddøla ved Lykkja. Teigane som høyrer til gards- og bruksnummer 1/3 og 1/4 i Øystre Slidre, ligg i dag som teigar utan matrikelnummer innanfor kommunegrensene til Vang kommune. Til saman er dei to teigane på 632 dekar. Eigedomsgrenser, eigarar og rettar for teigane er avklara i jordskiftesaker. Det er ingen innbyggjarar busett på dei aktuelle teigane.

I ein kongeleg resolusjon av 19. desember 1881 blei gardane Lykkja og Skredbergene overført frå Vang kommune til Øystre Slidre kommune. Dei to kommunane har kvart sitt syn på om overføringa av eigedom omfatta dei to aktuelle teigane. Mens grunneigarane og Øystre Slidre



kommune hevdar at teigane alltid har vore ein del av gardane deira, og såleis ligg i Øystre Slidre, hevdar Vang kommune at eigedomsretten for teigane ikkje var avklara på tidspunktet for den kongelege resolusjonen. Vang hevdar at eldre dokument viser at grunneigarane hadde bruksrett, og ikkje eigedomsrett til arealet som dei fekk tildelt. Arealet har etter kommunen sitt syn derfor alltid høyrte til Vang kommune.

Rettsleg utgangspunkt

Inndelingslova gir innbyggjarar og grunneigarar, næringsdrivande med sin registrerte forretningsstad og kommunestyre i dei kommunane saka gjeld, rett til å fremme søknad om å greie ut ei grensejustering eller grensefastsetjing. Denne saka tek utgangspunkt i initiativet som er sendt frå Øystre Slidre kommune. Statsforvaltaren si utgreiing og førebelse konklusjon blei hausten 2022 handsama av kommunestyra i begge dei aktuelle kommunane.

I saker om grensefastsetjing er føremålet å få avgjort kvar ei grense reint faktisk går. Statsforvaltaren har mynde til å treffe vedtak i saker om fastsetjing av grenser mellom kommunar. Denne kompetansen er i grensefastsetjingssaker ikkje avhengig av at partane er einige om ei løysing, slik det er for mindre grensejusteringar. I saker om grensefastsetjing er det Statsforvaltaren som både avgjer om saken skal utgreiast, omfanget av utgreiinga, og som fattar sjølve vedtaket om grensa. Statsforvaltaren avgjer grensespørsmålet ut frå ei skjønnsmessig vurdering av dei konkrete opplysningane i saka.

Grensefastsetjing etter inndelingslova § 7 er aktuelt der det er «*uklare, omstridde eller tidlegare ikkje fastsette grenser*». Gjennomgangen av saka viser at det i lengre tid har vært uklarleik om kommunegrensa i området. Statsforvaltaren meiner at grensa er omstridd og oppfyller dermed vilkåret for grensefastsetjing etter inndelingslova § 7 om at grensa er «klar» eller «omstridd».

Statsforvaltaren har gjort ei utgreiing av saka. Det går fram av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) at for fastsetjingssaker er det aktuelt å innhenta opplysningar om eldre kart, soknegrenser, den vanlege oppfatninga blant folk på staden, private eigedomsgrenser og rettsavgjerder om slike og bruksrettar. Inndelingslova seier ikkje noko om kor stor vekt ein skal leggje på dei ulike momenta i ei grensefastsetjingssak. Avgjerda i den einskilde sak må skje på grunnlag av ei skjønnsmessig heilskapsvurdering.

Statsforvaltaren sin konklusjon i saka kjem av ei heilskapleg vurdering av dei relevante momenta for saka. Dei to kommunane og Kartverket fekk utgreiinga av saka på høyring 5. mai 2022. Dei ga alle innspel i høyringa. Innspela er omtalt nedanfor.

Innspel til utgreiinga frå kommunane

Vang kommune

Kommunestyret i Vang er ikkje einig med den førebelse vurderinga og konklusjonen i Statsforvaltaren si utgreiing. Kommunestyret ber Statsforvaltaren gjera ei ny vurdering og fremme forslag til ei kommunegrense som er meir i samsvar med kartvurderinga til Vang kommune.

Kommunen meiner Statsforvaltaren ikkje kan leggje til grunn at grenseskildringa i kongeleg resolusjon frå 1881 tek utgangspunkt i at kommunegrensa fylgjer eigedomsgrensa for dei to eigedommane frå den tida. Kommunen meiner at då Lykkja vart overført til Øystre Slidre i 1881, var ikkje «lykkjingane» grunneigarar i området dei fekk tildelt. Historisk hadde dei ein bruksrett til å «*rise av raun og selje*» frå 1744 og fram til utskiftinga av Raudalen sameige vart tinglyst 15. mars 1884. Kommunen viser til at eigedomsretten ikkje var avklara ved tidspunktet for den kongelege resolusjonen i 1881.

Kommunestyret meiner at Statsforvaltaren med bakgrunn i dokumentasjon frå 1700 og 1800-talet på nytt må vurdere om grunneigarane hadde bruksrett eller eigedomsrett då kongeleg resolusjon



vart vedteke i 1881. Kommunen meiner at Statsforvaltaren må legge meir vekt på eldre utskiftingsdokument enn gamle kart som føreligg utan ytterlegare forklaring og dokumentasjon.

Kommunen viser òg til at eit anna strekkje av kommunegrensa i Raudalen er uavklart, og at Statsforvaltaren òg bør avklare denne grensa når ein først skal fastsetje kommunegrenser i området.

Øystre Slidre

Kommunestyret i Øystre Slidre sluttar seg til konklusjonen frå Statsforvaltaren i Innlandet i utgreiinga av 5.5.2022 som var sendt på høyring.

Innspel til utgreiinga frå Kartverket

Striden om kommunegrensa ved Lykkja er ei sak som har versert i Kartverket sine system ei god stund, seinast i 2016. Kartverket ser også av kart og i arkiv at det har vore strid om kommunegrenseforløpet i området mykje lenger enn dette.

På grunn av tvisten har Kartverket tidvis ikkje lagt inn kommunegrenser i dei ulike papirkartseriane i det aktuelle området. Innføringa av ny teknologi gjorde det nødvendig å kunne lukke polygon for å kunne danne flater i det digitale eidedomskartet. Med bakgrunn i vurderingar som vart gjort i samanheng med innføringa av matrikkelen er Kartverket kjende med at det har oppstått ein del grenseforløp som det er tvist om, både når det gjeld eidedomsgrenser og administrative grenser. Kartverket ser det som både viktig og gagnleg at slike uklarheiter blir rydda av veggen.

Dagens matrikkelgrenser mellom teigane til gards-/bruksnummer 1/3 og 1/4 i Øystre Slidre og dei omkringliggande teigane i Vang kommune, gards-/bruksnummer 76/1, 79/2, 81/1, 82/3 og 82/4, er markerte med dårleg kvalitet/nøyaktigheit. Grensepunkt langs eidedomsgrensene som er registrerte ligg inne med posisjonskvalitet som varierer frå +/- 2 til 10 meter.

Det manglar også grenser frå hjelpelinje vasskant og ut til den eksisterande kommunegrensa som følger elva Rauddøla i dag.

Om kommunegrenseforløpet skal følgje elva Rauddøla slik ho ligg i matrikkelen no, eller om ho skal følgje eidedomsgrensene mellom dei to aktuelle teigane og teigane som høyrer til grunneigarar i Vang kommune, har Kartverket inga mening om. Kartverket ser det likevel som viktig at ein før det blir fastsett noko ny kommunegrense i området, får klarlagt nøyaktige eidedomsgrenser som eventuelt skal danne det nye kommunegrenseforløpet.

Slik matrikkel-situasjonen er i dag er det fare for at ein kan skape nye grensetvistar eller andre matrikulære problem fordi dei registrerte eidedomsgrensene har så dårleg kvalitet. Kartverket meiner derfor at det er viktig med ny oppmålingsforretning, der ein klarlegg dei eksisterande eidedomsgrensene.

Statsforvaltaren si vurdering og konklusjon

Grensefastsetjing av uklare eller omstridde grenser inneber et vedtak om at kommunegrensa blir fastsett der grensa faktisk går og ikkje kvar ho bør gå. Vurdering av kvar grensa faktisk går, kan vere vanskeleg når saka ligg langt tilbake i tid og den tilgjengelege dokumentasjonen ikkje gir tydeleg svar på kva som låg til grunn da grensa blei fastlagt.

Statsforvaltaren har ikkje vurdert fastsetjing av fleire strekkjer av kommunegrensa i området som kan vere uklare eller omstridd, slik Vang kommune viste til i sitt innspel. Om Statsforvaltaren skal sjå nærmare på andre deler av kommunegrensa, vil det bli vurdert dersom vi mottar nye initiativ etter Inndelingslova.

Statsforvaltaren har i utgreiinga datert 5.mai 2022 vurdert dei aktuelle momenta i saka. Utgreiinga blei sendt på høyring til Kartverket og kommunane. Statsforvaltaren har i utgreiinga lagt til grunn



dokumentasjon frå innspela frå kommunane, inkludert Kartverket si handsaming av saka og informasjon som er gitt i Kartverket sin dialog med kommunane.

Statsforvaltaren legg til grunn at kommunegrensa slik den er omtalt og teikna i historiske kart frå 1891 følgjer opp den kongelege resolusjonen frå 1881 og tolkast som den rettsleg gjeldande grensa. Statsforvaltaren legg vekt på at grensa blei teikna inn på bakgrunn av det som blei meldt inn av grunneigarane i etterkant av den kongelege resolusjon i 1881 og godkjend av begge kommunar i etterkant.

På desse karta var kommunegrensa lagt vest og sør for elva og omfattar området for dei to teigane. Dagens kart for eigedomsgrenser og dei gamle karta med kommunegrenser er av heilt ulik kvalitet og målstokk. Eigedomsgrensene er avklara i seinare tid. Statsforvaltaren meiner at det ikkje er avgjerande at kommunegrensa som er teikna i 1891 ikkje samsvarer nøyaktig med dagens eigedomsgrenser for teigane.

Statsforvaltaren har ikkje funne noko rettsleg grunnlag som opphevar den kongelege resolusjonen av 1881. Vi legg vidare vekt på at vi ikkje har funne rettslege avgjerder eller anna dokumentasjon som skildrar ei kommunegrense som følgjer elva i det aktuelle området slik ho no ligg i dagens felles kartdatabase (FKB). Vår oppfatning er at grensa i dagens kartdatabase er teikna inn etter naturleg grenseforløp og ikkje etter det rettslege grunnlaget for denne strekninga. Kartverket stadfester at det ved innføringa av digitale eigendomskart blei gjort vurderingar som har gitt behov for oppretting og avklaring av fleire grenseforløp i etterkant.

Statsforvaltaren ser at eigedomsretten til teigane kan ha vore uavklart på tidspunktet for den kongelege resolusjonen i 1881, slik Vang kommune hevder. Samtidig vurderer Statsforvaltaren at dette vil vere eit spørsmål om kva informasjon som var kjent for avgjerdstakarane for resolusjonen og dei offisielle karta i etterkant av avgjerda. Statsforvaltaren meiner at det då vil vere snakk om gjere vurderingar om kvar grensa *burde ha gått* og ikkje kvar den blei lagt. Statsforvaltaren legg vekt på at kommunegrensa på dei offisielle karta i åra etter den kongelege resolusjonen, skal ha vore avklart med kommunane og grunneigarane.

Ulike saker stiller ulike krav til kva som er nødvendig utgreiing. Sjølv om saka har lang historikk, er ho sett på som ei lita sak i det at ho omhandlar få innbyggjarar. Statsforvaltaren har derfor vald å ikkje gå djupare ned i eldre dokumenter for å klarlegge om grunneigarane hadde bruksrett eller eigedomsrett då kongeleg resolusjon blei vedteke i 1881.

Etter ei samla vurdering fastset Statsforvaltaren at kommunegrensa mellom Øystre Slidre og Vang kommune følgjer eigedomsgrensene til teigane til gards-/bruksnummer 1/3 og 1/4 sør og vest for Rauddøla. Kommunegrensa skal følgje eigedomsgrensene som blir klarlagt gjennom ei ny oppmålingsforretning. Kommunane må gjennomføre oppmålingsforretninga slik at grensene er nøyaktige og klarlagde innan 1. september 2023. Den nye kommunegrensa trer i kraft frå 1. juli 2024.

Konsekvensar av vedtaket

Vedtaket inneber at teigane som i dag ligg innanfor Vang kommune blir overført til Øystre Slidre. Endringa må bli retta opp i matrikkelen. Kommunane må gjennomføre ny oppmåling for å klarlegge det nøyaktige kommunegrenseforløpet og dekkje kostnadane ved dette. Samla sett er konsekvensane av vedtaket vurdert til å vere små for kommunane. Vi legg til grunn at det ikkje er økonomiske konsekvensar for kommunane som krev eit økonomisk oppgjær.

Med helsing



Anne Kathrine Fossum (e.f.)
kommunal- og samordningsdirektør

Marte Kari Huse
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

STATENS KARTVERK

KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET

Postboks 600 Sentrum

Postboks 8112 DEP

3507

0032

HØNEFOSS

OSLO

Mottakerliste:

VANG KOMMUNE

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

Tyinvegen 5161

Bygdinvegen 1989

2975

2940

VANG I VALDRES

HEGGENES